

Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtedato: onsdag 9. november 2011 kl. 12.15

Stad: seminarrom 401 i fjerde høgda av HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Margareth Hagen, Leiv Egil Breivik, Kjetil B. Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty, Margery Vibe Skagen.

Frå gruppe B: Sverre-Arve Myklebust.

Frå gruppe C: Jan A. Johansen.

Frå gruppe D: Ingrid Rostad, Ann Elisabeth Tveit, Melanie Bieleert Johansen.

Dersom nokon av representantane over ikkje kan møta, må dei sjølve be ein vararepresentant om å stilla i staden.

Der det i saklista nedanfor er referert til tidlegare rådsmøte, finn ein referata og sakspapira på

<http://www.uib.no/fremmedsprak/om-instituttet/raad-og-utval/instituttraadet>

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 31. august 2011

Referatet vart sendt ut til rådsmedlemane med e-post 1. september 2011.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Utlysing av nye stipendiatstillingar 2011/2012
- B. Utlyst stilling i engelsk fagdidaktikk
- C. Andre utlysingar hausten 2011: studiekonsulent, vikar for instituttleiar, latinamerikansk litteratur
- D. Arbeidet med fast tilsetjing av lektorar på fag ved IF (sjå sak 4 frå rådsmøtet 8. juni 2011).

Sak 4 – Arbeidstidsrekneskapen ved Institutt for framandspråk

Orientering om arbeidet med å revidera arbeidstidsrekneskapen ved instituttet.

Sak 5 – Framtida for påskjøningsmidlane ved instituttet

Rådsmøtet vedtok 12. mai i år (sak 5) å avvikla ordninga med påskjøningsmidlar for rettleiing av master- og phd-kandidatar. Møtet gav samstundes McCafferty, Breivik og Uthaug i oppdrag å koma attende med eit framlegg til korleis vedtaket skal praktiserast for eksterne rettleiarar, pensjonistar o.a. McCafferty, Breivik og Uthaug foreslår at desse spesialtilfella vert ordna som skissert nedanfor.

Framlegg til vedtak:

A. Dei som har teke på seg rettleiingsoppdrag før ordninga med påskjøningsmidlar vart vedteke avvikla våren 2011:

- 1) Pensjonistar får påskjøningsmidlar også etter 2011 (i tillegg til honorar med pensjonistsats)
- 2) UiB-tilsette som ikkje arbeider ved IF, får påskjøningsmidlar også etter 2011
- 3) UiB-eksterne får honorert for timane dei rettleier, men får ikkje påskjøningsmidlar

B. Dei som heretter tek på seg rettleiing av master- og phd-studentar, dvs etter vedtaket om å avvikla ordninga med påskjøningsmidlar:

- 1) Pensjonistar får honorar med pensjonistsats, men ikkje lenger påskjøningsmidlar
- 2) UiB-tilsette som ikkje arbeider ved IF, får ikkje lenger påskjøningsmidlar
- 3) UiB-eksterne får, som før, honorert for timane dei rettleier, men ikkje påskjøningsmidlar

Sak 6 – Høyring: Det opne universitetet og omsynet til persontryggleik

Saka er sendt ut med e-post til heile instituttet 4.11.11. Instituttrådet blir bede om å koma med synspunkt og kommentarar, slik at instituttleiar kan trekkja veksjar på desse i arbeidet med høyringsfråsegn frå IF.

Sak 7 – Høyring: Handlingsplan for likestilling ved UiB 2011-2015

Saka er sendt ut med e-post til heile instituttet 4.11.11 Instituttrådet vert bede om å koma med synspunkt og kommentarar, slik at instituttleiar kan trekkja veksjar på desse i arbeidet med høyringsfråsegn frå IF.

Sak 8 – Ymse

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef